

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«INNSPEL TIL HANDLINGSPROGRAM FOR TRAFIKKTRYGGING I VESTLAND 2022 - 2025

Fylkeseldrerådet vil spele inn følgjande til Handlingsprogrammet for trafikktrygging i Vestland 2022 - 2025.

Kollektivtransport:

Bussmateriell må tilpassast alle reisande og vere universelt utforma.

Det må vere god sikring av passasjerane, tydelege og gode signal på stoggestadar, lyd og lesbart både i bussen og på haldeplassane.

Haldeplassane må vere universelt utforma med enkel av og påstigning. God lyssetting.

Haldeplassane må plasserast slik at det ikkje oppstår trafikkale problem, vi tenkjer då på god sikt for andre køyrety og stogg utanfor køyrabana.

På store haldeplassar som t.d i Bergen og Førde m.v. bør det vere hjelp tilgjengeleg for å hjelpe passasjerar til rette, t.d. med bagasje handtering og informasjon.

Gåande og syklande:

For gåande og syklande er det viktig å intensivere utbygging av gang- og sykkelveggar. Det er eit stort etterslep for slike tiltak i fylkesvegane og kommunale veggar.

På det mest trafikkerte stadane bør sykkelveggar vere adskilt frå gangveggar. God merking med skilt m.v. er viktig. God lyssetting.

Rådet meiner at når det vert bygt nye veggar må det vere ein sjølvstøtt ting at det vert lagt til rette også med gang- og sykkelveg. Dette vil også verte rimelegare enn å ta dette etter at vegane er ferdig.

Det er også viktig at gang- og sykkelveggar vert godt skilt frå køyrabana. Dette for å hindre påkøyringsulukker. Gang- og sykkelveggar som kryssar vegbana må leggjast opp utan kantar o.l som vanskeleggjer kryssing.

Rådet meiner at slike tiltak er gode folkehelseiltak og bør få høgare prioritet. Høgare løyvingar for å få utbygt fleire gang og sykkelveggar er turvande.

Trygge skuleveggar:

Trygge skuleveggar må ha høg prioritet.

Det bør vere opplæring i trafikkikkerheit i dei vidaregåande skulane og god informasjon om trafikkikkerheit til alle grupper.

Billettering:

Systema for billettering må samordnast og leggjast opp slik at det blir enklare og meir oversiktleg og bestille billetter til heile reise. Gjennomgåande billettering.

Møte- og utforkøyringsulukker:

For å minimere møte og utforkøyringsulukker må det på dei mest trafikkerte vegane monterast vegdelar og god sikring mot utforkøyring og mot gang - og sykkelveggar.

Rassikring, utbetring av flaskehalsar og nytt dekke der det er nedslitt er også viktige tiltak i trafikktryggleikssamanheng.

Høyring:

Rådet meiner at når det er utarbeid eit framlegg til plan må den sendast ut på ei brei høyring.»

Gunvor Riim Opedal sette fram slikt forslag:

«Kredittkort skal òg kunne brukast som betaling utan straffegebyr.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Opedal sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

INNSPEL TIL HANDLINGSPROGRAM FOR TRAFIKKTRYGGING I VESTLAND 2022 - 2025

Fylkeseldrerådet vil spele inn følgjande til Handlingsprogrammet for trafikktrygging i Vestland 2022 - 2025.

Kollektivtransport:

Bussmateriell må tilpassast alle reisande og vere universelt utforma.

Det må vere god sikring av passasjerane, tydelege og gode signal på stoggestadar, lyd og lesbart både i bussen og på haldeplassane.

Haldeplassane må vere universelt utforma med enkel av og påstigning. God lyssetting.

Haldeplassane må plasserast slik at det ikkje oppstår trafikkale problem, vi tenkjer då på god sikt for andre køyrety og stogg utanfor køyrabana.

På store haldeplassar som t.d i Bergen og Førde m.v. bør det vere hjelp tilgjengeleg for å hjelpe passasjerar til rette, t.d. med bagasje handtering og informasjon.

Gåande og syklande:

For gåande og syklande er det viktig å intensivere utbygging av gang- og sykkelveggar. Det er eit stort etterslep for slike tiltak i fylkesvegane og kommunale veggar.

På det mest trafikkerte stadane bør sykkelveggar vere adskilt frå gangveggar. God merking med skilt m.v. er viktig. God lyssetting.

Rådet meiner at når det vert bygt nye veggar må det vere ein sjølvstendig ting at det vert lagt til rette også med gang- og sykkelveg. Dette vil også verte rimelegare enn å ta dette etter at vegane er ferdig.

Det er også viktig at gang- og sykkelveggar vert godt skilt frå køyrabana. Dette for å hindre påkøyringsulukker. Gang- og sykkelveggar som kryssar vegbana må leggjast opp utan kantar o.l som vanskeleggjer kryssing.

Rådet meiner at slike tiltak er gode folkehelseiltak og bør få høgare prioritet. Høgare løyvingar for å få utbygt fleire gang og sykkelveggar er turvande.

Trygge skuleveggar:

Trygge skuleveggar må ha høg prioritet.

Det bør vere opplæring i trafikkikkerheit i dei vidaregåande skulane og god informasjon om trafikkikkerheit til alle grupper.

Billettering:

Systema for billettering må samordnast og leggjast opp slik at det blir enklare og meir oversiktleg og bestille billetter til heile reise. Gjennomgåande billettering.

Kredittkort skal òg kunne brukast som betaling utan straffegebyr.

Møte- og utforkøyringsulukker:

For å minimere møte og utforkøyringsulukker må det på dei mest trafikkerte vegane monterast vegdelar og god sikring mot utforkøyring og mot gang - og sykkelveggar.

Rassikring, utbetring av flaskehalsar og nytt dekke der det er nedslitt er også viktige tiltak i trafikktryggleikssamanheng.

Høyring:

Rådet meiner at når det er utarbeid eit framlegg til plan må den sendast ut på ei brei høyring.